

# Healing

---

Healing er naturens evne til alltid å skape harmoni og orden ut av kaos.

Alt kan healast

Sjukdom er informasjon som kroppen prøver å formidle til ditt undermedvitne sinn.



Er det første gong du skal til healer? Har du eit problem, enten i din kropp eller i ditt sinn, eller vil du berre gjenopprette den naturlege balansen i din kropp?

Vi menneske korrigerer og påverkar kvarandre og oss sjølve til ei kvar tid. Ein healer er ein person som har eit meir enn vanleg fininnstilt og veltrena sanseapparat, anten medfødt eller tillært. Som oftast begge deler. Men alle menneske eig evna til å heale seg sjølv og andre.

Mine metodar er utvikla slik at eg kanskje meir enn det som er vanleg under ei healing, kan gå inn aktivt og påvirke dine energibaner, straumfeltet som omgjev kroppen din, og også direkte gå inn i den fysiske kroppen.

Ved sidan av at eg er fødd med det ein kallar evner, har eg studert yoga, kabbalah, sjamanistiske metodar, religiøse og spesielt taoistiske metodar til healing. Desse studiane har vore interessa mi dei siste tjue åra, og etter kvart har eg utvikla metodar som ikkje berre virkar når eg utfører dei, men som det har vist seg at andre lett kan tilegne seg. Mine metodar ser ut til å virke kvar gong, og det gjer at eg ikkje berre står og er ein kanal, men at eg også kan sjå og gjenopprette dei naturlege og sunne, friske kartet som er ditt genuine. Sjølv om eg har evna til å korrigere og manipulere i kropp og sinn, gjer eg aldri noko som går på tvers av ditt eige, opprinnelige kart. Derfor er ei healing hos meg fullstendig trygg, og i motsetning til mange skulemedisinske og også alternative metodar for healing, respekterer eg heile systemet, og går ikkje inn og manipulerer i ting og symptom som elles vil kunne skiple den store balansen.

Du treng ikkje førebu deg spesielt før ei healing.

### **Slik går ei healing føre seg:**

Etter ein kort samtale om eventuelle problem du har, ber eg deg leggje deg på behandlingsbenken, lukke auga, og det er stort sett det einaste du skal gjere.

Det spelar inga rolle korvidt du er avslappa eller ikkje.

Eg går så inn og seinkar farten på hjernebølgene dine og på cellene sitt arbeide i kroppen din. Dette er ein lett trance, og du er fullt vaken. Eg utfører denne handlinga med metodar som ein elles måtte bruke hypnose til.

Somme merkar at augelokka går av seg sjølve, det er fordi deler av hjernebølgene dine no går saktare, og oppfører seg som under REM-søvn.

Det er vanleg at ein ser fargar eller lysfenomen. Mi forklaring på dette er at hormonsystemet ditt vert påverka under handlinga, og også at kroppen din frigir informasjon (lagra som karbon) og som no endeleg kan forståast og korrigerast i din "draumekropp".

Ei healing er derfor ei lukka handling som foregår inne i din kropp, og blir utført av din "draumekropp", og mi rolle er å frigjere denne informasjonen, medan den følgjer DINE vegar og mønster for helbredelse og harmoni.

Somme føler straum, rykningar. Det er også vanleg at ein vert nummen i hender og føter.

Det kan også kjennast som om kroppen din vert berørt av fleire, mi forklaring på dette er så langt at telepati finst, og at det ofte også for meg føles som om eg får assistanse av ei form for bevisst intelligens i healingrommet.

Somme gonger fall ein ganske så djupt ned i ein behageleg flyt midt mellom søvn og vaken tilstand. I desse tilfella tel eg deg tilbake slik at draumekroppen din er på plass inne i den fysiske kroppen din før vi avsluttar handlinga.

### **Dette kan du forvente etter ei healing:**

Du kan og skal forvente resultat. Oftast set healinga i gang prossessar, og eg slik eg ser på kroppen sine system, vil den bruke opp til 4 månader på ein rekonvalesens. Der er sjølv sagt aldri nokon garantiar, men eg får jamt resultat. Positive tilbakemeldingar er regelen meir enn unntaket, og eg set mi ære i å utføre kvar healing med totalt fokus.

Eg ser ingen grunn til at ein skal gå til healer gong etter gong. Ei healing skal vere fullstendig i seg sjølv. Av og til er det likevel slik at healeren må tilbake etter ei tid og gå vidare ned i kroppen sine lag. Ein set i gang eit arbeide, kroppen følgjer etter. Så kjem ein til eit nytt mønster, og i desse tilfella er det at ein oppsøker meg fleire gonger. Mange vel også å gå til healing ein eller to gonger i året berre for å harmonisere kropp og sinn og å halde seg frisk fysisk og mentalt.

Velkomen inn i mitt univers

